har forskeråndens rette snev:
et fint og følsomt nesegrev
for dikteres private brev.
Og frukten av hans lange strev
er verd sin vekt i spindelveg.

Når eg no likevel vågar å la andre få del i korrespondansen mellom dei to diktarane Olav Sletto og Alf Larsen, er det fordi desse private breva er med og kastar nytt lys over mykje av diktinga deira.

Så får det heller våge seg at det kanskje i eit lengre perspektiv berre har «sin vekt i spindelveg».

Det som er teke med i dette årsheftet er berre brevvekslinga frå 1950 til 1952. Sletto og Larsen var trufaste brevskrivarar i fleire år etter dette, og deira syn på andre forfattarar og ikkje minst på litteraturkritikarane er klår tale! Ein skal difor ikkje sjå bort frå at den lokale «forsker Finnerev» også til seinare årshefte kan grava fram godbitar frå Sletto-arkivet!

I samlingane etter Olav Sletto ligg det og mange brev frå andre enn Alf Larsen, så stoff manglar det ikkje på.

Dersom andre Sletto-vener skulle ha interesse av å gjera seg betre kjend med dette stoffet, er det berre å ta seg ein tur i Hol Bygdearkiv!

Arne Skogheim.

«SOGA UM RØGNALDFOLKET»

Alf Larsen og Olav Sletto hadde brevveksla med ujamne mellomrom heilt sidan 1929. I 1950 hadde Larsen, etter som han sjølv skriv, nærast ved eit tilfelle lese «Fyrste glimt», som er det fjerde og nest siste bindet i serien om Røgnaldfolket. Den 20. februar 1950 skriv så Larsen eit langt brev til Sletto om si oppleving av boka. Dette blir opptakten til eit nærare samarbeid og utveksling av tankar rundt dette storverket av Olav Sletto. Det endar med at Alf Larsen ved utgangen av året 1950 får gjeve ut si bokmelding om verket på Dreyer forlag.

Brevet av 20. februar 1950 er så interessant at me gjev det heile att her: «Tjøme, 20/2-50.

Kjære Olav Sletto!

Det er best jeg begynner med å tilstå for dig hvorfor jeg ikke har skrevet før og takket for din bok: Jeg kan nesten ikke lese en roman mere. Jeg leser nok de gamle av og til, når det stikker mig og jeg trenger avveksling: Balzac og Stendahl, Dickens og Thackeray, Dostojevski og i det hele tatt de store russere (Tolstoi har jeg forresten vanskeligere og vanskeligere for å gå ombord i), men de nyere – nei, jeg orker ikke lenger alt dette sjeleliv, all denne 'menneskelighet' om du vil. Det er mig som jeg leste folkløse: skikk og bruk, tankesett og vaner hos negre og polynesiere! Og endda har det siste jo sin åndshistoriske interesse, men det moderne menneskeliv, alle disse små jeg'er som løper i ring om sig selv og hvis vesen og færd nu er skildret og kartlagt i hundretusinder av 'romaner', det er efterhånden for mig det rene inferno. Jeg kan forstå at Strindberg, som selv så lenge var en hovedaktør i det, måtte hevne sig ved å skrive 'Svarta fanor'. Men han nådde da frem til 'Damaskus' og 'Drømspel'...

Derfor la jeg dypt missmodig din bok tilside og tenkte: det hadde været bedre om han ikke hadde sendt mig den! – Men så hendte det at jeg fikk influenza og blev tung og trett i hodet, kunde ikke riktig samle tankerne, og så stakk jeg uvillig hånden bort i den uleste romanbunken og kom over 'Fyrste glimt'.

Nå ja, det gikk mig verken verre eller bedre enn at jeg blev fengslet. Du skriver fremragende godt, det må være få som behersker landsmålet bedre enn du nu, og du skriver som en kunstner. Med det samme man stikker nesen i boken er man klar over det: dette er en som kan!

Jeg forsøkte å hoppe over hist og her, men det gikk ikke, jeg måtte slå tilbake og lese det hele. Dette er for mig et sikkert kjennetegn: det kan synes smått og likegyldig, men det bæres og styres av en hånd som vet hvad den gjør. Det er en av de beste norske romaner jeg på lenge har lest. Jeg må beundre din evne til å få stort og smått med og få sagt alt i vendinger som er adækvate med det som skal uttrykkes: en scene, et menneskes vesen, et landskaps karakter osv. Og dette, som jeg sier, at man synes man må lese det hele, skjønt innholdet jo ikke er merkeligere enn i romaner flest, det betyr for mig at du har formådd å flytte det altsammen inn i kunstens gådefulle dimension. Der står en 'stemning' om denne bok som ikke er til å ta feil av for den som vet beskjed med disse ting: det er – ut fra sig selv og innenfor sin begrensning – som det skal være. Ditt emne er gammelkjendt, men her er gammelt og nytt på bygderne i Norge i sin nutidige brytning skildret slik at det ene umerkelig glir inn i det annet, vever sig sammen til det fineste og kunstferdigste hele jeg som sagt på lenge har sett.

Og hvad man ikke minst må rose dig for: en eiendommelig, delikat, stillferdig – lønsk humor tvinner sig igjennem det hele. Man får en tydelig fornemmelse av at du allikevel har sett hvor små og karrikaturmessige alle disse 'mennesker' er. Det er noe av Hamsun i det, men som er helt ditt eget. Din cand. theol. Varanger er et funn, hele 'grundtvigianismen' in nuce. Og denne 'Haugsbyen' til 'Wilhelmsen', den ser man for sig liksom gjennom et tragisk tåkeslør, opplyst av et godmodig medlidende smil. Jeg tror det må sies å være usedvanlig fin kunst.

Hvis de andre deler av denne romanserien står på høide med denne så må jeg si at det er uforklarlig og en stor skam at den ikke har fått den omtale den fortjener. Jeg vet virkelig ikke hvem som nu efter Duun skulde komme på siden av dig innenfor landsmåls litteraturen (Inge Krokann synes jo å være helt utskrevet). Hvordan er dette å forstå? Du hører kanskje ikke til dem som skal anmeldes, en av dem som ikke har forstått å skaffe sig plass i rottereiret, som jeg sier. Jeg kjenner litt til dette og vet hvad det vil si. Det er gådefullt, men det er skjebne.

Men det må vel komme for dig også en gang, likesom det kom for presten din. Boken er da kommet ut, og det er det viktigste.

Jeg har jo lest flere ting av dig før (bl. a. bøkene om Ambrosius), men det forekommer mig at du først nu er sprunget helt ut. Meget egenartet, meget bevisst, uhyre sikker på hånden og med det vi kaller klo: selv dette

med 'kunstnerne' har du klart, i et usedvanlig veloppfanget 'snapshot', et standardbillede i sin art. Og du har din egen provins i landet og livet, som man tydelig føler er din 'eignelut'.

Ja, ja, det var det, og nu får jeg holde opp. Hvis du ber mig skrive en artikkel om denne din romanserie så vilde det være mig et forfærdelig ork, fordi det tross alt er en verden jeg er kommet så langt bort fra. Du vil se det hvis du leser min essaysamling ('Den kongelige kunst') og især hvis du leser min siste diktsamling ('Stemninger ved Okeanos' bredder'). Har du dårlig råd til å anskaffe dig disse bøker kan jeg godt sende dig dem. Der ligger eksemplarer nok inne på forlaget. Men jeg skal i det minste prøve på om jeg ikke kunde få andre (som nu er nærmere til det) til å interessere sig for ditt forfatterskap. Jeg skal gjøre hvad jeg kan.

Jeg husker vi møttes en gang og kunde tale sammen, jeg håper det må skje endda en gang før vi ligger under torven!

De beste hilsener, din Alf Larsen.»

Då Sletto svara på dette brevet, sende han med konsulentuttalen om romanserien. Alf Larsen svara att 6. mars 1950:

«Det var med den største interesse jeg leste konsulentens uttalelser. Jeg er sterkt tilbøielig til å tro at den mannen har rett: du har visst i all stillhet sittet og laget et av de virkelig betydelige romanværker fra denne tid...

Nu har min kone også lest 'Fyrste glimt', hun er en ualmindelig kyndig leser, som kan sin store romanlitteratur, og hun var likeså opptatt av boken som jeg og fremhevet under lesningen ting efter ting som fremragende: din evne til å holde det hele samlet, din evne til i to – tre korte scener å gi ikke bare et menneskes vesen og karakter men hele dets skjebne, din fine humor osv. Da jeg leste scenerne om Reginald måtte jeg huske på barnet, paradisvesenet Nepomuk i Thomas Manns 'Doktor Faustus' – hvor meget bedre er ikke ditt! Ja, du kan nok rolig legge sluttstenen til dette verk.

Nu vil jeg vente med å lese eller ialfall å skrive noe om det til jeg får siste del, men da skal jeg se om det ikke kunde komme over mig å rive av mig en artikkel. Det ser ut som jeg skriver fort og på stedet, men det gjør jeg ikke, tingene må ha lang tid på å modne sig i mig – når det da er noe jeg virkelig går inn på; små rent dagsaktuelle artikler, det er jo en annen sak. Men kan du ikke i mellemtiden få sendt mig de andre delene? Eller vil du jeg selv skal be forleggeren? Jeg skal nu i allfall gjøre den nye mann

hos Norli en visitt og gjøre ham eftertrykkelig oppmerksom på hvad det er for en appelsin han der har fått i sin turban.»

I mars 1950 har Alf Larsen lese Ragnvald Skrede si melding om 'Fyrste glimt'. Han er mektig irritert over Skrede og i brev til Sletto den 27. mars legg han ikkje fingrane mellom i omtalen av bokmeldinga:

«Det var da en anmeldelse, men den var dårlig. Akkurat så tåpelig anmeldte han også min essaysamling, skal forsøke å late som han er en viktig skjønner, og så er han bare en dilettant ... Det makeløse billede av gutten med vassorgelet har han ikke forstått noe av, billedet av stationsbyen har han simpelthen ikke kunnet se (det har været for fint for ham), humoren i billedet av grundtvigianeren er prellet fullstendig av på ham, og hele bokens komposition, måten hvorpå du legger tingene frem er gått ham sporløs forbi.

Det er hyggelig å være forfatter når dette skal være en av våre beste dagbladsanmeldere, for det er han faktisk, resten er jo jevnt over drittgutter (unntagen den skakkjorte Hans Heiberg som i allfall kan skrive) – slik står det til hos oss. Ja, det er en jammer...

Vær ved godt mot og klem på! Din Alf Larsen.»

Alf Larsen venta på siste delen av romanserien og skreiv den 25. juni 1950 dette til Sletto:

«Jeg gleder mig storlig til å lese hele verket, det skulde være godt igjen en gang å finne noe man fullt ut kunde anerkjenne. Jeg forsikrer dig for at det er mig en ren kval å skulle forakte og se ned på alt og alle, jeg er egentlig skapt til det motsatte (som du vil se av min artikkel om 'Moby Dick'), men livet og skjebnen har tvunget mig til å se sannheten i øinene, og noe sier mig at hvis alle tier med den så går verden til grunde i løgn, og da er det bedre at den går til grunde i flammer. Slik føler jeg det i allfall.»

Endeleg kom så «Dag», og Alf Larsen var ikkje sein om å lesa og gi melding attende til forfattaren. I eit langt brev datert den 8. september 1950 legg Larsen for fyrste gong fram tanken om å gi ut ei lengre bokmelding i bokform:

«Boken kom i rette tid, jeg hadde just fått lest alle de fire første delene igjennem, fjerde del altså for annen gang, og det forvoldte mig ingen overvindelse, tvert imot.

Nu har jeg så lest siste del, og jeg skynder mig med å sende dig noen ord. Min kone spurte mens jeg lå og leste: 'Klarer han pynten?'. Og jeg svarte – Jo, jeg tror han gjør. Jeg er overbevist om at du har gjort det. Det var en overhending vanskelig oppgave, men den er løst så godt – som jeg tror det lar seg gjøre.

Jeg begriper egentlig ikke hvordan du har fått det til, det er et mesterstykke. Du vet best selv hvad som lå av risiko i det...

Ja, som jeg sier: det var en nesten uløselig oppgave. Hvor det i grunden må være morsomt å være romanforfatter, jeg har aldri følt det så sterkt som under lesningen av denne bok! Jeg er det ikke selv, men jeg har gudskjelov så meget innfølingsevne at jeg kan være med i smått og stort, i lett og vanskelig, og du kan tro jeg var med i denne siste del!

Første, fjerde og femte del er de sterkeste og mest mettede. Annen og tredje del føles på ingen måte som svake, men der kjører vi liksom mer i mak gjennom den brede dal, i de andre er vi mer oppe på høiderne.

Fabelaktige de scener i første del omkring Turi Dyreskard og Gamle Tor! Dertil er der ikke mange sidestykker i norsk romanlitteratur.

Ja, jeg holder altså nå på med en anmeldelse. Den blir så vidt jeg kan se på 12 – 15 sider i et tidsskrift med utstyr som Samtiden eller Kirke og Kultur... Men nå tenker jeg på om Stalsberg burde lage en liten pjece av denne anmeldelse (jeg tror den kan bli egnet til det). Den kan jo trykkes med en litt stor skrifttype og i litet format, og så kunde den jo både selges og sendes ut som reklame til bokhandlerne. Vi får se når jeg får den ferdig...

Jeg tror at denne roman vil bli både lest og studert og utlagt. De som kommer borti den blir ikke færdig med den så snart. Men pokker så uheldig er det med at første del er utsolgt, noe av en tragedie, en sten i veien i allfall. Hvordan få den fjernet?

A propos, når eller hvis der kommer en samlet utgave så må du velge en ny skrift. Denne grotesk klær dig ikke. Jeg skal hjelpe dig å finne en ny, jeg har forstand på de ting.»

Utover hausten 1950 gjekk det mange brev mellom Larsen og Sletto der dei drøfta korleis «pjecen» skulle offentleggjerast. I oktober fann Larsen ut at bokmeldinga burde gjevast ut på Dreyers forlag og ikkje hjå Norli, som var Sletto sitt forlag. Han var oppteken av at ein måtte unngå mistanke om at bokmeldinga var «bestilt». Samstundes årvarar han Sletto om at det ikkje blir til å unngå at «anmeldelsen blir litt antroposofisk»!

«Det eneste aber er nu om anmeldelsen skulde bli for rosende, men jeg har i ethvertfall på det første umiddelbare inntrykk (og en av delene har jeg lest to ganger) opplevet det slik og må da også nedskrive det slik.

Her gjelder det jo også om å trekke en forfatter frem som hittil har stått i skyggen. Jeg skal imidlertid forsøke å beherske mig. Men jo mer jeg tenker på det, dess mer spekulerer jeg på om du ikke simpelthen har skrevet en genial roman der. God er den i ethvertfall og så full av halv-kvedne viser, dvs. så sindrig komponert – at det er en ren fornøielse for en gammel litterær rev som mig å grave mig rundt i den.

Ja, nu får du se! »

Etter at Aagot Benterud hadde kome med ei negativ bokmelding i «Morgenbladet», vart det mykje om å gjera for Alf Larsen å få ut «pjecen» sin så snøgt som råd. Larsen er rasande både på anmeldaren og redaktør Øistein Parmann i eit brev til Sletto den 24. oktober 1950:

«Jeg sender dig et par ord i anledning av Aagot Benteruds anmeldelse i Morgenbladet i dag. Jeg sender nu Øistein Parmann et brev hvori jeg hagler ham forfærdelig igjennem ... og hvori jeg blant annet skriver med adresse til ham selv:

'Hvis det virkelig er Dem som har gitt Aagot Benterud Slettos bok...så vil jeg like ut si Dem at det er ikke bare en utilgivelig sløvhed men en ansvarsløshet. Hvordan tror De det føles for en kunstner, som efter årelangt arbeide har fullført et stort og virkelig betydningsfullt værk, å få dette damepiss i ansiktet?

Det dreier sig her om et værk som betegner noe nytt i norsk romankunst (ved siden av Ingeborg Møller får man tilføie, men hun når ham jo ikke til knærne som kunstner) og som nu selvfølgelig skulde ha været anmeldt i sin helhet i en stor artikkel av en mann med myndighet og forstand på litteratur.'

Han får meget mer til av samme skuffe, og meget verre, jeg gidder ikke lengere ta noesomhelst hensyn ... den svarte hemmelighet er naturligvis at han heller ikke eier kvalitetssans, er helt utenfor det kunstneriske, som så mange av den oppvoksende slekt. Rable noe sammen kan de nok, halvgodt og omtrentelig, og 'synes om' et eller annet kan de naturligvis også (det kan jo enhver drochecauffør) men virkelig øre for kunst har de ikke; det er som jeg sier, de har mistet den estetiske sans.

Og der står vi, slike som du og jeg, Aasmund Brynildsen, Emil Boyson og andre. Den siste er jo forresten nådd dertil at han skal roses (men det

er sikkert fordi de ikke forstår noe av ham, og da han ikke har utesket noen kan de bruke ham til å late som om de er med på noterne). Ja, det er en kommedie!

Men desto viktigere er det da nu at vi får ut denne anmeldelsen min. Butenschøn setter 'naturligvis' gjerne Dreyers navn på den, skriver han, så er da den sorg slukt...»

Olav Sletto på si side arbeidde med å få garantistar for utgjevinga av Larsen sin artikkel. I brev til Alf Larsen den 7. november 1950, kan Sletto fortelja at «Vener av Olav Sletto's dikting» har tinga 150 eksemplar av «pjesen» og kan vera viljuge til å garantera for resten.

«Det siste framlegget med Butenschøn og Dreyer ... ein pjese på 32 sider pris kr.1,50 er utmerkt tykkjer eg. Det tykkjest vera framifrå. Og din måte å tenkje heftet spreidd og utsend, er lovande.

Har nådd berre ein av venene i telefon, so me gjorde vedtaket på vegne av alle, men varleg: Hallingdal tingar 150 ekspl. a kr. 1,50 ... altso kr.225, - som forlaget kan krevja inn når som helst...

Gledeleg at denne storveges gode artikkelen fær koma i verdig bunad og åleine som det verk den er. Det er det minste du bør ha att for godt arbeid. Og kva det vil segja for romanen ... let seg ikkje mæle. Atter hjartans takk!»

Den 22. desember 1950 kan så Alf Larsen melda frå om at «Pjecen er ferdig trykt». Larsen hadde ivra svært for å få bokmeldinga ut før jul, og kunne tilfreds slå fast at «jeg hadde nok satt skrekk i dem på forlaget, siden de allikevel fikk pjecen ut før jul. .. Ja, slit den nu med helsen!»

Den tretti sider lange artikkelen er ei sterk lovprising av «Soga um Røgnaldfolket» som det vil føra for langt å gå nærare inn på her. I denne omgang nøyer me oss med å gi att fyrste del av artikkelen – og sluttorda:

«Å lese romaner er trelles arbeide i våre dager. Man synes man kjenner det alt sammen fra før, man har lest så mange at denne genre snart ikke har mer nytt for en; det er som om formen selv hadde uttømt sine muligheter. Særlig skal der noe til før man gir sig i kast med en fembinds norsk roman, ovenikjøpet på landsmål, man frykter for alt det hjemmegjorte både i stil og stoff.

Desto større er overraskelsen når man kommer over noe man uvilkårlig stusser ved og fengsles av. Mig hendte det at jeg, tilfeldigvis


som vi sier, kom til å lese fjerde del av Olav Slettos nye romanverk, og jeg var straks klar over at jeg måtte lese det hele.

Det er en lang historie og med enkelte for en moderne romanleser litt forvirrende innslag – skulde jeg anta – men jeg tror ikke noen vil angre på å ha lest den til ende. Man sitter tilbake med inntrykket av å ha fulgt en rise gjennom dalen, en som så det så høit ovenfra at han kunde fortelle litt også om det som var bakenfor tretoppene og bortenom fjellbrynene...

Siden det dreier sig om en serieroman på nynorsk faller det naturlig å sammenligne den med Olav Duuns roman om Juvikingerne og Inge Krokanns om Loætten, dens nærmeste sidestykker både i tid og av betydning. Den utfordrer også til det, mer enn én ting sladrer om det. Jeg vil da si at Olav Slettos roman ikke bare står sig men i visse henseender endog overgår sine forgjengere...

Alt er så dagklart og hverdagsnært hos Olav Sletto, likesom så 'virkelig', og *dog* med en himmel over sig og et rum omkring sig som avgjort betegner en ny dimension i norsk romankunst, en dimension som gir dypere trakter og større vidder, i det hele tatt et mektigere *sjelelandskap* enn hos noen av de to andre, ja kanskje hos noen annen norsk romanforfatter i det hele tatt, det skulde da være Jonas Lie når han er på høiderne. Olav Sletto ser med to syn hvor de andre bare ser med ett...

En eiendommelig og betydningsfull bok er det iethvertfall og som roman betraktet glimrende, virkelig et storverk i moderne norsk litteratur, en bok som løfter at gammelt og til lede kjendt motiv opp i et nytt lys, og gjør at man leser som om man leste det 'for første gang'. Så skjer det da allikevel noe i norsk litteratur, sier man til sig selv. I denne litteratur, hvor som overalt diletantismen brer sig og uklarheten dominerer, støter man plutselig på et verk av full klarhet og med uimotståelig sannhetsmakt, på noe man føler har med den tidsånd å gjøre som ikke bare er en talemåte men en realitet, den sanne opplysningens ånd (tenk på Grundtvigs ord!) som dog bryter frem efter alle mørketider og som også gjennom det nuværende kaos kan skimtes i flere litterære og åndelige fremtoninger. Olav Slettos roman er uten enhver tvil en av disse.»



Både bokmeldaren og forfattaren var tydeleg nøgde med resultatet. Og dei var ikkje åleine om det. I det svenske Aftonbladet hadde Sven Stolpe alt den 4. januar 1951 ein omtale av denne bokmeldinga, der han mellom anna sa det slik:

«En mogen norsk kritiker möter däremot i den lilla broschyr som Alf Larsen utget hos Dreyers, och som är en längre analys av Olav Slettos 'Soga um Røgnaldfolket' d.v.s. romanerna 'Under Solhov', 'Ættbunden', 'Jordfast', 'Fyrste glimt', 'Dag', alla okände hos oss.

Larsens analys ger en imponerande bild av detta storverk, som han anser väl kan jämföras med Duuns og Krokanns. Man ville ønska, at L.T:s förlag undersökte om icke denne stora norska provinsskildring skulle kunna översättas til svenska: den förefallar på et naturlig sätt ansluta sig till de speciella strävanden, som detta energisk ledde förlag företräder.»

Like oppglødd var ikkje Alf Larsen av svaret han fekk frå professor Harald Beyer, sjølv om dette heller ikkje var negativt. Men Larsen tykte han las noko mellom linene i dette brevet frå 28. januar 1951 som han ikkje likte:

«Jo, jeg setter nok mye av hans diktning høyt, særlig barneskildringene (Per Spegil, Per Stavlang), men også det jeg har lest av 'Soga um Røgnaldfolket'. Jeg er også i atskillige punkter enig i Deres vurdering. Men noen studie av hans forfatterskap har jeg ikke tid til å gå i gang med nå i allfall. Forelesninger, skole, litterært pliktarbeid og annet opptar all min tid», skriv professor Beyer.

Dette sendte Larsen til Sletto saman med brev den 8.mars 1951, der han fortel at

«Pjecen og den svenske tidsskriftartikkelen sendte jeg til Harald Beyer og fikk et litet intetsigende svar. Han er jo også en av disse mange tunger ut av vinduet. Jeg vedlegger det, kast det i kakkelovnen!»

Så hadde Alf Larsen fått tak i Johan Austbø sin studie av Olav Sletto frå 1923. Den 12.mars 1951 skriv Larsen til Sletto:

«Jeg har nettopp fått lest Johan Austbøs bok, og det var med en viss undring jeg leste den boken. Den er jo utmerket skrevet, og mannen synes virkelig å kunne stå inne for det han skriver. I så fall har vi nok oversett mer i dig enn jeg trodde.

Alt tyder på at ditt verk kun venter på en åndelig klimatforandring for å bli sett. Legger jeg sammen det inntrykk jeg har fått av Johan Austbøs og Henry Peter Matthis artikler med det inntrykk jeg selv har fått av Soga um Røgnaldfolket så ser det ut som om ditt verk er å ligne med et fjernt fjell som først kan sees tydelig i klarvær. At Aasmund Brynildsen har den samme følelse bestyrker mig i at det er riktig.»

Det er tydeleg at arbeidet med analysen av Olav Sletto sine romanar har inspirert Alf Larsen til å gjera seg betre kjend med Sletto si diktning. Han avsluttar brevet den 12. mars 1951 med fylgjande ynskje:

«Hør, kan du ikke få Stalsberg til å sende mig Per-bøkerne?»

PER – BØKENE.

Stalsberg sende Per-bøkene til Astrid og Alf Larsen, men etter breva å dømme hadde han berre sendt dei tre fyrste, altså ikkje «Per Spelmann». Astrid Larsen skriv om «Per Stavlang» som siste bind, og Alf Larsen skriv om «trilogien» om Per i breva sine til Sletto i 1951. Det fjerde bindet i bøkene om Per, «Per Spelmann» hadde kome ut i 1942!

Men denne mistydinga har ingen ting å seia for deira vurderingar av bøkene dei har lese.

Astrid Larsen er fyrst ute, og skriv i brev til Sletto 26. april 1951:

«Nu har jeg lest Per-bøkene. Og jeg må si Dem at noe lignende som siste bind: Per Stavlang har jeg sjelden lest. Beretningen om Storedundra og Botsvarten er ganske ubegripelig, det forekommer mig at De går Johs. V. Jensens Himmerlandshistorier en høi gang her, det er virkelig en høist forunderlig historie. Og så ligger der jo en 'aura' om Deres 'Himmerlandshistorie' som Johs. V. Jensens mangler. Jeg vil ikke tale om billedet av den lille satan Hølgi, det er fremragende og hvem har gjort noe bedre? Jeg må også nevne slagsmålet mellem Labanson og Kviteberren og deres død til slutt med ørnene kredsene i luften.

Dertil kommer skildringen av hele fjellet, som vi opplever så det både smaker og lukter. Da Per ligger oppe mellem de fire store graner ved bålet med hjorden om sig var det som jeg var i paradisetts have med Adam og dyrene: helt bibelsk.

Ikke for det, jeg synes også at de første bind er gode med figurer som f. eks. Sindre og gamle Ingibjörg m. fl., men siste del synes mig å bære prisen. Den forekommer mig å være simpelthen genial, og det er ufattelig at den ikke har gjort sin mann berømt, men det kommer nok.

Kun dette efter at jeg nu har lukket boken.»

Nokre veker seinare, den 14. mai 1951 er det Alf Larsen sin tur:

«... Så var det om dine Per-bøker. Mitt inntrykk og min dom er i store trekk det samme som min kloke kone på egen hånd var kommet til.

Barndomserindringer er, som genre betraktet, det kjedeligste jeg vet. Jeg har aldrig kunnet få mig til å lese min beundrede venn Bertil Malmbergs så berømte 'Åke och hand värld'. Sigrid Undsets 'Elleve år' står her i hyllen ulest, og nu sender jeg den til antikvarbokhandleren.

Hittil har jeg kun støtt på en barndomsskildring som var så god at jeg helt lå under for den, Duuns skildring av vesle Odin i Kjelvika; men den er jo også et av toppunktene i hele hans produktion. Når jeg sier at din 'Per Stavlang' endog overgår den så har jeg sagt noe i mine øine uhyre rosende.

Men det var altså med en viss selvovervinnelse jeg gikk om bord i hele trilogien. Dog, du er jo mesteren til å kunne og man er interessert fra første stund!

Idyllen hos bestefar og bestemor er uforglemmelig for den som forstår hva der ligger i denne beskrivelse av en glemt og sunken verden hvor livet ennå leves i harmoni med Gud og mennesker i et underlig om enn ubevisst forhold til naturen. Og straks kommer der jo 'scener' som man ikke lett skal glemme, for eksempel besøket av de to slagsbrødre Elling og Lars og det første glimt Per der får inn i noe som er vilt og fælt – makeløst godt gjort. Og så de forskjellige 'figurer' som etterhvert dukker opp: Ingibjörg, Storedundra, Sindre, Store – Ola, han som leser Amerika-brevene (jeg husker ikke navnet nu) og Nils Vestafør. Den siste kunde man forresten meget ha ønsket å høre litt mer om, noe mer om alt det han husker. Du har vel ellers noe av det samme i skildringen av Gamle-Tor, men allikevel, det der kunde du nok ha gjort litt mer ut av. Skikkelser som Storedundra og Sindre er jo helt makeløse. Det er som min kone sier at de endog overgår hvad Johs. V. Jensen har prestert i sine Himmerlandhistorier fordi der jo er så meget mer menneskelighet i skikkelserne og så meget dypere rum omkring dem.

Men der er i de to første delene en del longører, som jeg mener med fordel kunde ha været kortet litt opp. Der er især partiet med stenalteret og den gale, det er ubetinget for langt utspunnet. Per skulde ikke ha truffet Galne-Ambjør så mange ganger, og der skulde ikke ha været brukt så mange ord på dette stenalteret. Også andre steder er der hvor den rene skildring av ting og natur blir litt for utpenslet, sommetider måtte jeg lese litt 'vertikalt', og det er et dårlig tegn. Jeg nevner dette fordi jeg mener det ville lønne sig for dig å se på det hvis der skulde bli tale om en ny samlet utgave i et bind (eller to).

Tredje del er et sannskyldig mesterværk fra ende til annen, i sin art sikkert det beste som er gjort på norsk (Odin i Kjelvika iberegnet), noe rent enestående, synes jeg. Alt dette med Storedundra og oksen og den lille djevelen Hølgi og forresten hele livet der i lierne og på fjellet, det er

gjort en gang for alle. Det overgås ikke av noe og har knapt nok sin make i norsk litteratur iallfall.

Hele boken vil nok engang bli kaldt en klassisk barneskildring, og det er mig ubegripelig at iallfall ikke denne tredje del har vakt mer oppsikt enn den altså faktisk har gjort. Det er ganske sært, likefrem uforklarlig, men slikt er jo skjebne, og jeg kjenner det fra mig selv, jeg har også gjort ting som har fått de sterkeste lovord underhånden og i en enkelt anmeldelse, men noe 'gjennombrudd' er det ikke blitt til.»

Den 26.mai 1951 skriv Alf Larsen at han hadde sendt «Per Stavlang» med Asmund Brynildsen og fortel om dette i brevet til Sletto:

«Han fikk med sig 'Per Stavlang' og skriver i dag: 'Jeg har slukt Olav Slettos Per Stavlang – den er et mirakel. Jeg har aldri sett make! Det er et genis arbeide, det tviler jeg ikke et øieblikk på. Jeg har opplevelsen for tett innpå mig til å skrive noe om det, men det er høist forunderlige ting han har berørt. Psykoanalytikerne og 'dybdepsykologerne' kan gå hjem og legge sig!»

Der kan du se. Det er som jeg sier, alt kommer for en dag!»

«SKRINET SKAL OPNAST UM HUNDRE ÅR»

Denne eventyrromanen som kom ut i 1951 er ein av dei «merkelegaste» romanane til Olav Sletto. Johs A. Dale skreiv i si melding i «Norsk Tidend» at «Det er ei rar bok, fantasifull og samstundes realistisk i detaljar... Fengslande er boka, men klår kan ein ikkje kalle ho, dei som vil spekulere over hendingane i ho, må ha lov til det, dei andre må ha lov lata det vera...» Aagot Benterud i «Morgenbladet» var av same meining: «Jeg tror nok at Olav Sletto må finne seg i at de fleste i dag vil si etter lesningen: Jeg forstår ingen ting. For i våre dager tror de fleste at de må forstå diktningen intellektuelt. Denne boken skal i allfall ikke forstås, den skal nytes som et enkelt eventyr.»

Olav Sletto var noko oppgitt over kritikarane – denne gongen og! Boka kunne ikkje sjåast på som «ein avisartikkel av Beinset eller allegori a la Vesås». Han skreiv til sin gode ven Alf Larsen og ba han skriva om boka, «analyser byggemåten ... elles blir det berre ropt uklårskap av guteungane der inne, ingen fær veta kva eg har gjort av godt eller vondt.»

I eit lengre brev til Alf Larsen skriv Sletto om korleis han har bygt «Skrinet skal opnast um hundre år». Han kallar det «bakgrunnskunnskap for den som skal dømme boki litterært - kritisk»:

«Eg let Mobakk skrive alt som skulde stå i boki. Men eg må segja at her æva eg meg lenge, for skulde han skrive, batt eg meg på det strengaste, avdi eg måtte fortelja etter hans lynde og med hans trong etter å openberre og løyne samstundes. Eg vågde lata Mobakk skrive, vågde å ta konsekvensen.

Dermed vart oppgåva soleis: Mobakk er ein nervøs, folkeskygg mann, ein som vernar seg til overmål, dertil stjernegranskar (ein drøymar med okkult dragnad). Han gjev etter for trongen til å skrifte, men løyner seg samstundes, og umdiktar røynlege tilbурdar i liv og uppleving, gjer til og med det humoristisk høgtidelege at han vil gøyme saga i attlodda jarn-skrin som det var viktuge statspapir.»

Her har Sletto skrive i margin. «Det er mykje løynd ironi i boki». «Men eitt kan han ikkje dylja : at han har sterke kjenslor og einslag diktande fantasi, det han skriv blir ein eventyrleg og poetisk fortelnad, og han skaper alle personane symbolske ... men desse symbol viser attende på Mobakks fordulde indreliv og anonyme livssoga. Med hjelp av per-

sonane fær han fortelja alt um seg og samstundes løyne det: Drøymaren og stjernegranskaren i han blir Alessandro Den unge kvinna hans død då han var nitten år, og gav han fyrste knekken, la i han lengselen etter eit overjordisk kvinneideal og fremmankjensla for jordisk kvinne, dette blir måneprinsessa, møtet med henne i Måneland, glødd samliv og sonen som med tidi blir keisar på Månen.

Hans kjensle av verdi som går sin skeive gang og hans tvil på jordi og mannsætti, blir til Månekeisaren, hans strid, synd og samanbrot. Blir til Lucifer, denne håplause von um eit klårskapsrike han sjølv har tenkt ut. Blir til Ikaros som søkjer gjennom alle rømdar, finn for lite og går trøyt. (Altso han brukar tre av personane i boki til å få fram si kjensle og sine tvil og gruvlingar kring jordi, mennesket og universum).

Men det han eig av kritisk humoristisk hang og hans uslitelege tru på ei aller høgste visdomsmakt, skaper han til Sela, dagleg fylgjesvein og i løynd beraren av ævordomens stjerne. Jordskuggen symboliserer noko i han, Mihir noko. Med andre ord: alle personane i boki samla gjev mannen og karakteren Mobakk i heilskap. Han har dikta storleg, men i grunnen på duld måte nækt og dømt seg sjølv.

Dersom visse kritikkar kunde skjønne komposisjonen av boki vilde dei ikkje kalle ho uklår, men heller finne diktet rikt, i det det kallar på deire livsrøynsle, psykologiske kjennskap og aning av det som er over jord-bogen.

Denne komposisjonsmåten er ikkje mi oppfinning (at personane i eit diktverk er sidor, hugdrag, tendenser i diktaren sjølv.) Goethe og Ibsen har bae nytta måten, sjå Faust og Når vi døde vågner. Goethe brukar Faust, Wagner, Mefisto til å klårleggje seg sjølv, og sa det, no kappast Goethekjennarane med å slå fast at so er. Ibsen sa ingenting, men alle personane i siste dramaet er sidor av Ibsen, og samla heile Ibsen.

(Dette hadde eg fram i eit foredrag for 35 år sida, heldt det hundre gonger her i landet og ei gong ved Uppsala universitet, Humanistgruppen. Forf. Påsche høyrde det, var oppglødd for det originale i synet, men trudde at reint vitskapleg vilde eg knapt kunne halde standpunktet. Uppsala Tidning kalla foredraget med mi tolking påfallande interessant og originalt, framburit med något främman men tjugande retorisk konst...I 1947 kom Arne Duvé med same tolking av N.v.d.v, han hadde fylgt psykoanalysen sin veg.)

Påverka av ovannemnde verk, let eg Mobakk sjølv skrive saga si og gjeva seg til kjenne med ei rekkje personar han stiller upp. Som eg tok

oppgåva, vart ho vandare enn hjå dei to verdsdiktarane, meddi Mobakk var ein sjuk og noko rangvridd karakter og eg måtte halda karakteristikken av sermannen Mobakk fast ogso i måten å skrive saga på.

Og so kjem resultatet: Beinset som ikkje har skrive um Røgnaldfolket, spring no fram føre alle og ropar i Dagbladet at han ... han forstår ikkje sput! Det er sanneleg ein kritikk me har i landet no!

Men som eg før har sagt i brev, lesaren må ta boki einfeltdt som episk diktverk, som estetisk verk, og ikkje øydelegge verknaden ... den episke oppleving med spørsmålet kva tyder boki ... just som ho var ein avis-artikkel av Beinset eller allegori a la Vesås. Men kritikkarane burde nemne og i alle fall sjå komposisjonsmåten, når dei skriv til rettleiding for lesekrinsen.

Skriv du, Alf Larsen, um boki, analyser byggemåten ... elles blir det berre ropt uklårskap av guteungane der inne, ingen fær veta kva eg har gjort av godt eller vondt.»

Og Alf Larsen skreiv: «Boken er uten tvil helt vellykket, så vidt jeg kan se uten plett og lyte. I så måte er den beundringsverdig godt gjort, spenningen holdes vedlike fra side til side. Og ingen steder noget sentimentalt eller 'abgeschmacht'... hånden ryster ikke, man merker det er et voksent menneske som skriver. Det er den ene side av saken. Den annen er at denne boken er fylt av en høyst eiendommelig, usedvanlig rik og blomstrende fantasi. Her er den så original at jeg ikke minnes å ha lest noe lignende, iallfall ikke noe bedre. Dette var jo det vanskeligste punkt ved et vågestykke som en eventyrroman. Det er en høyst merkelig og høyst fengslende bok.»

Stein Balstad i «Morgenposten» var fascinert over dei fargestrålende draumbilete i boka: «Man leser og ser for seg en strålende film der fargene gnistrer og månefolket opptrer i sine underlige drakter. Skal man kunne glede seg over denne merkelige beretningen, må man ha evnen til å slippe taket i virkeligheten og la fantasien gå på flukt til den mest eventyrlige uvirkelighet. Men da får man også i gave de mest vidunderlig vakre bilder som man ellers bare opplever i drømmeland.»

Balstad hadde tydelegvis oppfatta boka «einfelt som episk diktverk», utan å gå i fella som Sletto åtvara mot, å øydeleggja verknaden med å spørja «kva tyder no dette?».

Alf og Astrid Larsen hadde fått tilsendt manuskriptet til gjennomlesing før boka gjekk i trykken. Larsen hadde vore noko skeptisk i utgangspunktet, men han endra meining då han hadde fått den ferdigtrykte boka. I brev den 4. november 1951 skriv han til Sletto «...ved at den nu er kommet på trykk springer den eiendommelige fantasi du utfolder i denne 'eventyrroman' sterkere og klarere frem enn i manuskriptet, likesom også de glimrende fantasibeskrivelser kommer bedre til sin rett. Så det kan være at det går bedre enn vi trodde. Min kone gir seg nu til å lese den på ny, likesom jeg når jeg kommer tilbake fra Oslo...»

Den 10. november var Astrid Larsen ferdig med lesinga og gjekk straks til skrivemaskina: «...tag dette som jeg har skrevet det ganske spontant idet jeg reiste mig fra kurvestolen da jeg var færdig med boken og gikk hen til maskinen.»

«Kjære Olav Sletto», skriv ho. «Nu har jeg lest Deres bok om igjen i bokform, jeg er nettopp blitt færdig med den, og har lest den uten noen tanke på symbolikk, kun som eventyrroman. Som sådan finner jeg den uhyre fascinerende og – hvis jeg må bruke et så almindelig ord – morsom. Jeg kunde ikke holde opp før jeg var færdig og stod overrasket og grepet i 'Heidershallen' innen jeg igjen dalet ned på jorden. Deres kunnen er rent ut fabelaktig, jeg fatter ikke hvorfra De får alle de farver fra, ja hvordan De i det hele tatt har fått denne fantasi, som bærer det hele.

Motsetningen mellom den litt bedagelige Jørgen Mobakk med de lappede bukser og sin kaffekjele, hele hans rolige fortelling i innledningen hvor han gir sig så god tid og så den fantastisk svevende fortelling om Alessandros månefart er storartet. De er i sannhet den gudbenådede forteller. Jeg måtte tenke på H. C. Andersen og Lykkens galosker, o.a. av samme forf.: en nesten kemisk forbindelse av dagligdagse ting og de mest fantasifulle!

Naturligvis kan jeg ikke nekte for at Røgnaldfolket og Per-bøkene interesserer mig mer som nutidsmenneske, men det trekker ikke noe fra den kjennsgjerning at De makter alt hva De vil.

Jeg så at Anton Beinset ikke hadde fått noe ut av boken, men det kan man virkelig ikke regne. Det er som min mann sa forleden: det norske litterære liv og kulturliv i det hele tatt ligger i dag på et så lavt niveau som det vel aldrig har ligget i noe der kaller sig et civilisert land!»

Så kjem eit langt avsnitt der Astrid Larsen klagar over kvaliteten m.a. på Jens Bjørneboe si siste diktsamling, sjølv om ho «kjenner Bjørneboe som en riktig sympatisk ung mann, han er antroposof, som bare har den feil at han anstrenger sig over evne.»

Men ho takkar Sletto for eventyrromanen: «Den lyste opp i den kolde, sure og mørke novemberdag, da jeg sat alene i ro herhjemme.»

Alf Larsen gjev og Sletto gode tilbakemeldingar i fleire brev i desember 1951. Den 5.desember skriv han: «Aagot Benterud hadde fått fatt på din bok. Hennes anmeldelse forbauset mig. Blind høne finner også et korn! Aasmund Brynildsen hadde også lest den som den skulde leses, han var meget begeistret og ropte opp om din sprogkunst, din fantasi og din beskrivelsessevne. Han hadde åpenbart slukt den.»

Og den 14. desember kjem fylgjande: «Jeg leste nu også Johs. Dales anmeldelse av 'Skrinet'. Den var merkelig positiv, det må ha vært sproget og kunsten i den som har gjort ham mjo i knærne. Men boken får neppe vind i seilene før der kommer en annen, eventuelt også tredje del. Hold ut!»

No kom det aldri nokon andre eller tredje del av eventyrromanen, og «Skrinet skal opnast um hundre år» står difor på mange vis åleine som eit prov på dei mangslungne kvalitetane Olav Sletto hadde som forfattar.

LOKE-VERKET

I Olav Sletto-selskapet sitt årshefte for 2007 (side 23) finn ein brev frå Alf Larsen til Olav Sletto den 21. januar 1952 m.a. om Loke-verket. Me tek difor ikkje med heile dette brevet her, berre nokre hovudpunkt:

«'Loke' er seier fra første blad. Det er noe! Det er så opplagt at dette er ditt hovedverk. Jeg ser også at alt hvad du senere har skrevet er variationer over dette thema, i forskjellige tonearter eller på forskjellige instrumenter. Her er også alt harmonisk, sprog og innhold smeltet sammen til en fullkommen harmoni. Men her er vi jo også – som jeg sier i min anmeldelse av 'Skrinet' – på landsmålets ophavsgrund.»

Larsen samanliknar Lokeverket med Wergelands 'Mennesket' og skriv : «...det forekommer mig at du i mer enn en henseende overgår ham. Klarere er tankerne jo, sammenhengen større, symbolikken mere omfattende, utsynerne veldigere – og fantasikraften ikke mindre. Selsomt i grunden at du ikke har fått versets gave. Mektig og merkelig er det, men din natur følger dig jo også her, du er mere av duearten enn av ørnearten, skjønt du i så høi grad også har ørnen i dig. Det blide, lavmælte og litt barnlige i tonefall og ordlegging forneker sig sjelden noensteds i ditt verk...

På landsmål er der kun to ting Lokeverket kan sammenlignes med: Garborgs 'Haugtussa' og 'I Helheim' og Aukrusts diktning. I 'Haugtussa' og 'I Helheim' var Garborg jo utenfor sig selv, var et virkelig medium, var 'inspirert', som Olav Aukrust i hele sitt verk. Det er klart du også her har været under din egentlige inspiration, har hatt din nådestund. Ingen-ting av det du senere har skrevet kommer opp mot 'Loke'. Men det er også den slags man bare gjør en gang i livet.

Astrid leste Loke for mig, og hun rystet gang på gang på hodet: at du efter dette ikke hadde en annen stilling i vår litteratur enn den du har!»

Alf Larsen var så oppglødd over Lokeverket at han meinte boka burde koma ut i ny utgåve. I brev til Sletto nokre dagar seinare, den 29. januar 1952 seier han:

«...det første som nu må gjøres, synes jeg, er å få en samlet utgave av 'Loke' i smukt utstyr, og helst (tror jeg) med tegninger eller iallfall vignetter, men i allfall en ny utgave. Nu skal jeg få Aa. B. til også å lese

værket, han kan låne det på et av bibliotekerne. Jeg skal prøve på å interessere Dreyer for saken, Norli skulle helst ikke ha det, da de ikke kan gi boken et riktig utstyr – undtagen hvis man kunde få dem til å la Carsten Lien stille med det. Men det er noe vi siden kan tale om.»

Olav Sletto svarar på breva den 2. februar 1952:

«Du nemner at Loke bør koma ut på nytt. Sjølv sagt er det ingenting eg heller vilde. Norli sa at me burde vente å sjå, må rekne med svært tap, no er det gått 22 år. Forlagsretten er min, Ringen forlag er mitt nemleg, so Dreyer i fall kunde lett få retten av meg. (Eg baud ikkje Loke fram til noko forlag, visste at alle ville steile, og starta mitt eige forlag med dette stod på. Takka vere det er dei fire Lokebøkene til. Norli var ikkje reddare truleg enn Aschehoug og Gyldendal vilde vore, slik såg eg på det slik som stoda var den gongen.)

Vart det til det at t.d. Dreyer gav boki ut, vilde eg gå verket kritisk i gjennom og rette over til rettskrivingi eg har i dag.»

Nokon slik «praktutgåve» av Lokeverket som Alf Larsen ynskte seg, kom aldri – men det er kanskje enno ikkje for seint å tenkja tanken på ny?

«ELVELAND»

kom ut i 1924, men Alf Larsen hadde ikkje lese boka før i 1951. I brev til Olav Sletto datert Tjøme 18. desember 1951 skriv han:

«Jeg var begyndt på 'Skrinet', men følte mig litt uopplagt, så tok jeg av de uleste bøker av dig jeg ennå har liggende på mitt bord, 'Elveland'.

Det var heldig jeg kom til å lese den. Den bærer nok sterkt preg av at den gang var du høgskulestyraren, og ditt håp til bonden kommer du nok til å avskrive; han kommer i kværnen som alle vi andre, og i første omgang vil det ikke bli godt brød av det mel.

Han blir ikke menneske igjen før han blir antroposof og kommer til å drive 'biologisk – dynamisk' jordbruk, og det har lange utsikter. Du kjenner ham ennå (eller kjendte ham) i hans beste tilstand, jeg kjenner ham i hans værste – trelen under alle treller.

Men her er du allerede på høiden både i din stilkunst, din beskrivelseskunst og din oppfattelsesevne. Visse av de beskrivende partier er helt storartede. Du er den eneste på landsmål som har forsøkt å uttrykke visdom, og det er lykkedes dig. Derfor er du vel også blitt en så rar fugl i denne helt igjennem fortellende litteratur. Jeg ser bort fra Garborg, han var, hvor han forsøkte sig på noe lignende, mer politikker enn vismann, mer tidsdebattant – iallfall.

Aforismene tilslutt er helt ypperlige. Om ensomheten har du fått sett og sagt ting som jeg ikke har været oppmerksom på, men den samme grundopplevelse har vi altså hatt. Dette parti vil jeg vise til Aa. B. og foreslå ham å uttrykke det i Spektrum, med noen få utelatelser (det blir også ellers litt for langt).»

«Elveland» er fyrst og fremst ei hylling til Romerike, til 'elvelandet' ved Glomma og Vorma og til romeriksbonden. Samstundes er her og avsnitt som fører tankane både til dei seinare barndomsskildringane i Per-bøkene og ikkje minst til dei sjølvbiografiske Olver-bøkene.

Alf Larsen hadde, som me ser, ikkje mykje til overs for dei høgstemte skildringane av bondestanden, men han fann mange gode tankar i den siste delen, som Sletto kalla 'Tankar ved Glomma'. Larsen nemner

spesielt avsnittet 'Einsemd'. Me tek med nokre avsnitt frå dette kapittelet her:

«Det batar lite aa nekte at mannen er fødd til einsemd i verdi. Men just er det dette mennesket nektar.

I staden for aa gjera seg heime i einsemdi – som var det rimelege – so rømer me hovudstup inn i samvær, i selskap, i sambruk, og innbiller oss at me kjenner andre og at me sjølv er kjende. Og syter for at braaket ikkje fær stilne um oss ein minutt.

Me reddast einsemdi som kyrkjegarden um kvelden. Me ottast at noko dult ville openberre seg so snart me vart aaleine – det vilde stige fram som ein uhugleg skapnad, og denne skapnad var *oss sjølv*. Dette *eg* der inne vilde koma til aa syne seg for oss i lys kvitare enn det elektriske. Og det kjenner me at dette *eg* – dersom det steig synleg, daa maatte me føle.

Vaart sanne indre sjølv er so einsamt at ingen – ikkje eingong vaart medvetne sjølv – kjenner det...

For ei fri og stor sjæl er einsemdi ikkje eit fengsel, men ei borg. Der er ho herre over lagnaden. Lukka kvervlar ikkje skumm til vers; motgang slær ikkje saare ripor. Ho er fast og klar.

I fraa einsemdi gaar ho ogso inn i livet og dei daglege krav fast og klar. Ho har funne ut aa leide kraftstraumen til seg...

Einsemdi kann vera ein skog, men og ein arbeids-stol. Ja, for sume sterke jamvel ein selskapssal. Men den som ikkje kjenner einsemdi og den fine stille gleda som der gror, han veit ikkje um større livsnyting. Hans dag kann gaa paa moroleg vis og i beste samvær – hans gaman blir ei allemannsgleda utan ange.

Berre for den som er heime i einsemdi kann sjæli rett faa vidke seg ut – kann flødet av verdsharmonien flyte inn...»

OM LITTERATURKRITIKK OG – KRITIKARAR.

Alf Larsen og Olav Sletto «fann» kvarandre i synet både på samtids-litteraturen og litteraturkritikarane. Det manglar ikkje på «saftige» formuleringar hjå nokon av dei i brevvekslinga dei imellom. Det er ikkje nødvendig å gå så mykje inn på dette i detalj her, men som eit døme på «tonen» mellom dei to diktarane, tek me med ein del frå dei omfattande «julehelsingane» dei gav kvarandre i 1951.

Alf Larsen si helsing til Sletto var skriven 14. desember, fem handskrivne sider som sveiper innom fleire emner. Olav Sletto svara med tre og ei halv maskinskrivne sider den 20. desember.

Alf Larsen er lei for at han ikkje enno har fått lese «Skrinet», «men nu skal jeg prøve på å ta mig sammen. Men så er det det at jeg har ingen steder å skrive om en slik bok unntagen i Spektrum; og der lar Ernst Sørensen mine anmeldelser ligge over et år, mens han fyller tidsskriftet med småskitt fra sine kafévenner og sine dilettantiske meningsfeller. Han er blitt kafé- og kammeratkorrupt i en utrolig grad, og han eier ikke skjelneevne, er helt utenfor når det gjelder det kunstneriske, kan bare slumpe til å si noe godt om en bok eller en forfatter når innholdet faller sammen med hans meninger – som de fleste av dem der nu danner «litteraturen»; hvad der vil si å leve i det åndelige eller kunstneriske aner de ikke. E.S. er i sitt hjerte enig med Carl Keilhau (hans kafevenn og dusbroder) om 'Nattetanker', selv om han ikke just vilde uttrykke det slik, han hadde ikke fått det dust ut av boken, likeså litt som av mine siste diktsamlinger! Det er hyggelig å ha en slik redaktør. Det truer da også med brudd hvert halve år.

Og når det går slik med det (presumptivt) grønne tre, hvad skal man da si om alle de tørre – alle disse litterære 'prøverørsbarn'! Vi er jo til de grader på bunden at verden aldrig har sett make.

Jens Bjørneboe ja, en pur dilettant; jeg fandt 3 helt ulastelige dikt i hans oppskrytte diktsamling, i resten var der fra 2 til 20 feil, til dels av hårreisende art, og alt sammen uklart og pretentiøst, forskrevet og affekttert. Efter denne success vil jeg tro han er forapt. Hemmeligheten med successen er at boken dog inneholder en ny tone (det skylder han altså sin antroposofi), og så er han altså uklar og dilettantisk nok til at de kan kjenne sig selv igjen i den, derfor roser de den. Tross alt et tegn i sol og måne. Men hva sier du til at ikke en av disse skittgutterne har så

meget som nevnt mine to diktsamlinger, som dog er utsprunget av den samme ånd!...

Jeg leste om igjen ditt brev om Smith og Keilhau. Ja, er det ikke som det skal være? Jeg tror det bestemt. Men det irriterende er at jeg igjen var blitt narret til å stille forventninger til en bok – av Aasm. Brynildsen og Butenschøn, som var så over sig begeistret da de leste den i mskr. Det samme har været tilfelle med begge mine diktsamlinger. Den første nærte jeg et forfengelig håp til, den annen hisset Aa. B. mig opp til å tro på. Noe lignende var det med Jensen-pjecen. Den første jeg ikke har hatt skuffelser av er essaysamlingen, den ventet jeg mig ingenting av, og den blev en success! Men jeg er også klar over at den er det populæreste av det jeg har skrevet.

Herefter skal det være slutt med dette tøv. Jeg skal nu arbeide rolig videre på det som ligger for hånden – først min diktsamling + en ny samling litterære artikler eller en aforismesamling (Tanker om kunst), så tenker jeg mig, en samling av mine 'folkepedagogiske' artikler + en ny diktsamling eller en ny aforismesamling. Jeg må prøve å få ut to bøker om året. Alt det nevnte og masse til ligger nemlig færdig.

Men først og fremst vil jeg samle mig om mine 'tanker i tiden' (foreløpig tre bind praktisk talt færdig liggende). Den boken (eller dette værket) må jeg ha fra mig. Jeg får ikke fred før. Jeg vil ha sagt hvad der ligger mig på sinde her, så får det gå som det kan... Det skal iallfall komme til å stå blæst om dem...

Men forresten, jeg må fortelle dig at jeg fikk nyopptrykket av Tarjei Vesås sitt 'gjennombruddsverk' 'Det store spelet' av Stalsberg for å uttale mig om den. Jeg s nemlig: De har tre store forfattere på Deres forlag: Jens Tvedt, Olav Duun og Olav Sletto. Han tok da Vesås fra hyllen og sa: Enn denne? Jeg vilde ikke uttale mig på stedet og sa jeg skulde skrive, og det skal jeg nok også – som jeg visstnok sa til dig. Du gode gud for forløiet fyr. Alt er halvekte, halvfalskt, halvgjort, og har du kjendt make til innful publikumssmigring. Fy til fanden!

Men nu adjø. Jeg har det med å sitte altfor lenge hos folk når jeg først kommer i gang. Gledelig jul til dig og din kone. Dere er hilset fra oss begge her. Astrid har et brev på stabelen til dig.

Din hengivne Alf Larsen.»

Til dette svarar Olav Sletto:

«Kjære Alf Larsen og frue.

Dette er meint som ei lita jolehelsing.

Brevet av fjortande gledde meg, eg ser at vetlaus motburd verkar berre vekkjande på deg, du held fastare enn før på gamle planar, kjenner deg meir opplagd til arbeid...til roleg arbeid. Med andre ord, du har det verlag som kveikjer lynet i ånden...som Grundtvig segjer. (Merkeleg kor djupe og personlege ting den mannen har sagt!) Og eg må råd til at du fylgjer denne impuls, han tykkjer meg vera sann, ein retteleg sannrådig dæmoniom. Og i ein ting tek eg ikkje i miss...at du har di sterkaste tid nett no.

Eg forstår at sokalla meiningsfrendar, E.S. og andre, dei blir redde no då båten kjem i storm. Ei gamal saga det. No skal dei syte for at dei sjølve ikkje søkk...ja Oslo med sitt kafe-åndsliv er fårleg, dette er no som det har vore, blir knapt annleis. Takk Gud for ditt Tjøme! Der ute fær du råd til å gjera innset, gje av overflod...dermed naturleg.

Med mine ting er det slik at eg er van med å skrive som eg lystar, sume forstår og rosar, sume pirkar og tvilar, ein del ansar det ikkje. Men soleis har det vore frå eg gav ut 'Tenaren'. Det året gløymer eg ikkje: Fyrst last, skulding for åndsovmod, Berggrav skeiv han gledde seg at eg ikkje hadde 'maktet' å gje Kristusskapnaden, so godt som evangeliet, gav tokke av at eg hadde forgripe meg på det heilage.

Andre roste, t.d. Johs. Johnson, Hognestad, Leonhard Næss, Erik Lie, og før jol kom var boki prenta i 2 opplag (4400 ekspl.) Nathan Söderblom vart oppglødd og gjorde at boki vart umsett til svensk. So til tysk. Når to år var gådd, kom den store artikkelen i Christliche Welt av sjølve prof. Rade, so melding av Arthur Brausewetter, Heinrich Lotszky, meld i Holland, Sveits. Ein framburnad av kristusskikkelsen fekk samanlikning med freistnader av G. Hauptmann, Maeterlinck o.a. og eg fekk prisen!!...Då kom Berggrav og klaga seg at han hadde i farten teke i miss, skrive dumt um boki. Og eg gav han læande absolusjon. Tenaren fekk eg høyre var ein stor siger...då eg gav ut fyrste band av Lokeverket. For no byrja kritikken på nytt.

Då andre del kom, betra det seg, då tredje kom, tala ein og annan um storverk, då fjerde kom var det vellæte. Slettos hovedverk, skreiv dei. Men dei hadde lete meg arbeide einsam i alle dei seks år!...So tok eg fat

på romanserien Riket, plani var tolv romanar, saga um den kvite hest... eg fekk ferdig: Dagning, Stefanus, Porten, Signum Christi, Fatum, Valet, Primas, Frukt. Last og ros kvart år, og då dei to siste kom hadde eg verkeleg siger.

No venta alle at eg skulde halde fram med dette slag, eg hadde min domæne, sa dei. Dei tre siste romanane kom ikkje lenger enn til nokre kilo notater og førearbeid, utkast, kreftene svikta.

Påsche og Caspari og Oskar Bråten søkte stipend for meg, men Sigrid Undset...som hadde fått mystisk uvilje mot meg, slo meg attende i sakkunnig råd, eg fekk ei røyst for lite. So måtte eg legge tolvbandsverket ned, det vanta tre bøker...og eg vågar ikkje ta dei svære emne upp att meir...

Nokre år etter tok eg på med Perbøkene, atter kritikk: eg kunde ikkje skildre moderne liv. Fyrst med tridje boki gav dei ros, med siste band full siger. Røgnaldfolket, band for band fekk ros og mistyding, endeleg ferdig, og no høyrer eg Skrede og dei andre talar um at det var ein litterær siger.

Men no slær eg atter um, og no blir eg varsla at eg har å tråve fram etter lina Perbøkene og Røgnaldfolket. Det er eine og åleine Hallingdalsmiljø eg kan skildre. Og so har eg atter å gå under kritikk til eg har eventyrromanane reide.

Eg har fleire gonger ofra mine 'sigrar', og det same gjer eg altso på nytt. Eg kan ikkje slå på same spikaren eit langt liv som Olav Duun. Har reddhug for det stereotype. Og når eg ser kva dei rosar i skyene, er det som eg misser hugen til å få godkjenning av desse herrane...og det kan ikkje lokke meg til å skrive som dei ynskjer.

Med umsyn til denne humoristiske eventyrromanen eg snart har fullført, so må eg segja at her gjorde seg lover gjeldande som gav diktet annan karakter enn eg hadde tenkt...han vart kvassare, fekk scenor som nærma seg farcen, og hovudinstrykket når alt er fullført, er eg redd blir vel mykje eit pandæmonium. Men...eg skal no gjera han ferdig og prøvelesa han for ålvor. Dernest må eg få lov sende deg manuskriptet til nådelaus kritikk, og etter nokre månader tek eg han for meg for fulle muggor.

En tridje romanen er av heilt annan karakter og har med det innaste indre av eit samvet å gjera, ei svær oppgave. Men eg vonar at når alle tre kjem attmed kvarandre, vil dei kasta lys på kvarandre.

Eg tenkjer ikkje på økonomien. Det har eg aldri gjort. Men har klara meg like vel. Serleg dei siste år har eg all grunn til å kjenne meg trygg, ingen rikmannsinntekter, men nok til mitt levesett. Det einaste eg liksom krev er at eg fekk prente det eg skriv, d.v.s. so pass mange lesarar at Norli ikkje absolut taper kontante pengar.

Eg har til dato fått arbeide med mine ting heilt uredd, og noko bittert har ikkje slege rot, avdi eg forstår tidi eg lever i. Det er ikkje tilfeldig at det går som det går.

Men har du tid etter jol, skriv då ein uttydande artikkel um Skrinet. Set meg spørsmål, skal eg svara. Sjølv vil eg arbeide saman notatane mine um eventyrromanen i Europa.


Hjarteleg takk, Alf Larsen og frue, for alt de har vore for meg i året som gjekk. Og med alle ynskje um godt nytt år.

Karin helsar. Ho takkar for Nattetanker...me tek gjerne eit par aforismer kvar morgon under frukosten. Me har denne sedvane at me tek morgonmåltidet med litt tankeveik frå bøker me likar. Har liksom system i 'andakten'.

Takk og helsing! Dykkar Olav Sletto.»

Denne eventyrromanen som Sletto nemner i brevet, kom aldri på trykk. Han sende manuskriptet til ekteparet Larsen og fekk i fleire brev attendemeldingar om romanen. Om det var Alf Larsen sine merknader som gjorde utslaget, eller om det var andre årsaker til at «Skrattbergeventyret» til Olav Sletto ikkje kom ut, kan ein kanskje få svar på dersom ein går nøye gjennom brevvekslinga dei to hadde om dette emnet.

Både manuskriptet og brevvekslinga er tilgjengeleg i Hol bygdemarkiv. Den som måtte ha interesse av å røkja nærare etter, veit no kvar kjeldene er!



Olav H. Hauge

Per Lilleslett:

Olav Sletto sett frå vest.

Når vi no kan sjå fram til eit samarbeid mellom Venelaget Olav H. Hauge og Olav Sletto-selskapet, kan det vera artig å sjå litt nærare på desse to diktarane, kva som kan vera sams for dei, og ikkje minst korleis Olav H. Hauge – som tilhørde ein noko seinare diktargenerasjon enn Sletto – såg på Olav Sletto og diktinga hans. Når det gjeld Hauge, nyttar vi stort sett dagbøkene hans som kjelde (Det norske samlaget, år 2000).

Språket dei nytta var for bae tufta på heimemålet; sterkt medvite og med stort meisterskap. I synet på ein del yngre samtidige forfattarar er dei og ganske samstemte. Sletto seier i eit intervju med Arvid Møller i Gula Tidend 12. mars 1962: «Ja, sant å seie tykkjer eg ikkje det er rare greiene. Det er som dei aldri kan utarbeide ein ting, dei utnyttar ikkje det som ligg i stoffet, og dei komponerer slett ikkje riktig (...) Dei som skriv no veit for lite og dei les for lite, meiner eg.»

Hauge er kort og grei. Vi les i dagboka, 24. september 1971: «Kva gjer diktaren i dag? Han stend på ein haug og kastar stein og skit i hovudet på folk.»

Kven dei skreiv for hadde dei litt ulike syn på. Hauge heldt all sin dag fast på (til ei viss undring for litteratar) at det var folk flest som hadde best greie på dikta hans. 28. september 1965: «Kan ein gjera eit vers som ein gamal bonde eller ein snikkar og ein smed likar, sjå då skal ein vera fornøgd. Det er dei som skynar seg på ordkunst, ikkje kritikarane.»

Sletto skriv i den siste av Olver-bøkene «Då tedde ei eldborg» at dei som var mest opptekne av bøkene hans var «bokglade lesarar (...) hadde gjerne høgre skulegang og var i fast ansvarleg gjerning, prestar, lærarar, bladfolk. Den og hin hadde kjøpt ei bok, hadde lese boki i fred og ro og med umtanke, no hadde dei vorte oppglødde og skrivi ein stubb i lokal-bladet.»

På det ein kan kalle fagkritikken reagerte dei ulikt.. Medan Hauge, i alle fall når det galdt dei fyrste bøkene, gjerne fann at god kritikk var for god til å vera sann og ofte sa seg samd med bokmeldarar som hadde negative ting å peike på, tok Sletto seg så nær av negativ kritikk at det hende han måtte til sengs. (Lars Reinton).

Olav H. Hauge hadde truleg ikkje lese dei tidlege større arbeida frå Sletto (Lokeverket, Stefanusbøkene, Ambrosiustrilogien). Men eg har lyst til å ta fram ei utsegn frå 6. februar 1959, som ikkje er mynta spesielt på Sletto, men som likevel kan stå som ein kontant kommentar til den uvanleg krasse realismen vi av og til møter i desse tidlege Sletto-bøkene: «Eit idealistisk livssyn kan tola mykje realisme i framstillingi, eit naturalistisk lite.»

Og så til kva Olav H. Hauge meinte om Olav Sletto. Ei av Olver-bøkene, «Upp bakke og ned dal», kommenterte Hauge slik 13. oktober 1958: «God bok. Framifrå. Eit oppgjerd, jau Sletto set kniven i mange svullar, serleg då det dekadente i kunst og liv. Ein stad nemner han at Ibsen har snakka um 'fisk med vanskræk' – er det ikkje det dei livsudugande er? Det er eit sunt, friskt syn som slær mot deg frå ungdomsliv på folkehøgskulen. Elles er boki opplyssande. Ta til dømes Goethe-prøva hjå hr. Sven. Aldri har eg set realismen i sterkare kontrast, i kontrast til idealismen hjå den unge Olver. Godt! (...) eg ser upp til slike som Aukrust og Sletto og Alf Larsen, som ikkje fylgde moten, men heldt fast på det gamle livssynet, dei heldt ut i tårnet...»

22. oktober 1958: «ja, eg har nett vorte meir kjend med Olver. O.S. Det vart til at eg skreiv til Norli etter alle tre bøkene um Olver. Han førde dagbok, fortel han, i unge år. Eg undrast kor den boki vilde verta, eg, som eg skulde skriva um meg sjølv. Nokon kvar skulle elles ha eitkvart å fortelja um sin barndom og sitt fyrste møte med boki. Og mange har gjort det, med større kunst og meir inderleg enn nett Sletto, men det som gjer desse bøkene så spanande, er møte med hovudstaden og åndsstraumane som rådde då. (...) Heldt på med 'På høgt berg' av Sletto. Jau, det er forvitneleg å fylgja den unge mannen i Kjøbenhavn. Det er forvitneleg å sjå korleis han reagerer på tidsens kunst og korleis han vart kjend med dei førande i litteraturen (...) ja Sletto har vore ein lukkeleg mann, eit lykkemenneske, som Duun ville ha sagt. Han kom tidleg ut og fekk læra, alt laga seg til for han. Og lukka har fylgd han seinare og.

Kor alt er eller ikkje. 'På høgt berg' er ei spellevande bok! Ein stakar som sjølv har havt same hug til lesnad og kanskje havt hug til å læra og skriva òg, men ikkje fenge fylgt hugen, kan berre sukka. Tenk det å møte og verta kjend i unge år med slike som Rode og Krog og Rimestad (...) I det heile, Olav Sletto er slett ikkje typen på ein litterat slik som me har havt han i tankane dei siste hundra åri, nei han er merkeleg gamaldags, men kanskje moderne nok?»

Elles er Hauge usamd med Olvers tolking av den franske lyrikaren Baudelaire, med denne kommentaren: «Det er ofte fårleg å gjeva seg til å skriva um ein diktar som ein ikkje maktar å lesa på hans eige mål.»

2. juni 1959: «'På Helgafjell' og Olav Sletto. Dette er gut som har fyrebutt seg grundig til forfattaryrket. Det merkjelege er- (...) –at mange

av jamaldringane til Sletto, dei sat att heime og berre dikta, utan å sitja under noko kateter, utan å verta kjend med dei store i samtidi. Dei hadde vel ikkje så mykje estetisk skuling heller. (...) Men boki er god. Kvikk, gløgg. Det er ein lykkefugl, denne Olver.»

18. oktober 1959: «I dag har eg lese ei bok av Olav Sletto: 'Skrinet skal opnast um hundre år'. Sletto er makalaus å skriva, det er nett som han spelar seg. Forlivande. Men merkeleg fjernt og lyft upp i eit sers ljøs. Stilen høyrer til i ei måneverd. Uverkjeleg. Ein merkjeleg forfattar.»

Olav H. Hauges litterære produksjon (dikt og dagbøker) fortel om ein mann som hadde liten sans for store ord og baus framferd. Som eit døme kan nemnast at han etter kvart fekk Bjørnstjerne Bjørnson skikkeleg i vrangstrupen. (Der var han ikkje samd med Sletto).

Vi blar i dagboka: «Bjørnson, det var torebraket.» (Medan Ibsen var lynelden!) «Bjørnson vart uppskrytt», «den vindbelgen», «den mannen er humbug».

Korleis vil det så låte når Hauge får tak i den siste av Olver-bøkene, «Då tedde ei eldborg»? Då boka kom ut, gjekk Ragnvald Skrede – ein elles solid Sletto-kjennar – til angrep i Dagbladet og kalla boka «ei einaste lang, hardstappa pølse, fylt av sjukeleg sjølvskryt.» Lars Reinton syntes og at Sletto hadde handla «svært uklokt». Men skulle nokon av oss andre, på same måten som Skrede og til dels Reinton, ha merka eit visst ubehag ved Slettos sjølvbyrgskap (som sjølv sagt heller ikkje har gått Hauge forbi), trur eg vi, etter å ha høyrte kva Hauge har å seia, trygt kan ta det med ro og la slike kjensler fara. Vi let Hauge få ordet:

27. oktober 1961: «Skrede skriv um siste og femte boki av minnebøkene til Sletto. Han skryter, segjer han. Det må Sletto ha lov til, dei skryter for mindre livsverk, tykkjer eg. Etterpå segjer meldaren at boki er ypperleg skrive. Men då er vel alt vel? Me har ikkje mange som Sletto, kvifor då ta imot det ein mann skriv på ein slik måte? Eg ville helsa ei slik bok velkomi, og ikkje nett festa meg so mykje ved at forfattaren har tru på seg sjølv og store tankar um sitt kall; det er eit godt teikn, det. Um sume andre diktarar kanskje har drive det lenger, både Hamsun og Kinck og Duun og Undset, som Skrede nemner, so er det all grunn til å ta hatten av for Sletto òg som diktar, han er ingen kven som helst. Og

ein stor produksjon har han bak seg. Sletto er ein rik og mangslungen forfatter, synest eg. Eg har lese so altfor lite av han.»

15. mars 1962 (um same boki): «Merkjeleg. Forvitneleg lesnad. Sletto låst vera ein innvigd. Lenge greier han innbilde lesaren at han er noko serskilt. Og er det gjerne og. (...) Sletto skriv godt. Svert godt. Litt sjølvgod verkar han.»

Hauge var forresten på vitjing i Støls-Sletto ein sundag i 1986 etter at han kvelden før hadde lese dikt i Hol mållag.

Og så, i 1988 kjen Hauges neste kommentar til Olver-bøkene. Hauge var då 80 år gamal og hadde for lengst fått namn som kanskje den største lyrikaren i Norge. Attåt var han vide kjend som omsetjar og elles som ein uvanleg kunnskapsrik og klarsynt litterat.

19., 28. og 29. mars: «Døme på stil: Olav Sletto. Eg les minnebøkene til Sletto uppatt. Slik norsk har vel ingen skrive, han var ein meister. Men der er innhald og... Alf Larsen såg kva han var. (...) Det lyt ein diktar til fyrr me ser tingi, heiter det. Fyrst når eg las Slettos skildring av agaven, såg eg den planta.» Og vidare, 7. april: «Eit merkeleg verk. Og so velskrive! Han dyl ikkje for at han har vore eit solskinsbarn. Slike er sjeldan å møte, i livet som i litteraturen.»

17. juni 1991: «Oslokritikken, segjer Lars Reinton, var stygg mot Olav Sletto. Eit under at han var sterk nok til å bera påkjenningi. Dei snakkar um å vera miskjend. Han fekk røyna det, meir enn nokon norsk diktar. PER-BØKENE. Tek eg i miss når eg peikar på eit visst likskap mellom dei og Bunte Steine? Kanskje ikkje likskap, men noko som minner, i syn, i gledesyn på livet? At Sletto var velkjend i tysk litteratur, veit me.»

6. mars 1992 (um Olverbøkene): «Desse bøkene skal vera sjølvbiografi. På ein måte kan ein kalla dei ein Bildungsroman. Merkelege bøker. Er dei sanne, må denne Olver ha vore ein lukkefugl. Er det påverknader og lesnad som slik er personleggjorde, er det meisterleg gjort og lærerikt. Bildungsroman etter gamal god tysk uppskrift. Etter det Lars Reinton skriv i boki um Sletto, er det ikkje tvil um at Sletto kjende desse store åndsmennene han fortel um i bøkene...»



OPPMODING OM MEDLEMSVERVING

Olav Sletto-selskapet som vart skipa i diktaren si heimbygd den 3.mars 2001 har no om lag 100 medlemmer. Me hadde gjerne sett at fleire ville stø opp om arbeidet med å gjera Olav Sletto si dikting meir kjend og oppmodar difor medlemmene om å verva fleire medlemmer.

Vedtektene seier at selskapet er eit landsfemnande selskap av einskildpersonar, organisasjonar, skular, verksemdar, institusjonar, kommunar og fylkeskommunar.

Føremålet med selskapet er å styrke interessa for Olav Sletto sitt forfattarskap.

Dette skal gjerast m.a. ved

- å sjå til at Olav Sletto sine bøker vert gjort tilgjengeleg for ålmenta
- å leggja til rette for auka bruk av Olav Sletto sin litteratur i skuleverket
- å medverka til at lydopptak med Olav Sletto vert teke vare på og nytta
- å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnaren og hans produksjon
- å arrangera foredrag, seminar, kurs og ekskursjonar m.v.
- å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Holet bibliotek
- å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etterlatne manuskript, brev m.v.

Adressa til selskapet er Høgehaugvegen 11, 3576 HOL.

Årspengane er kr.100,-, bankkontonr. 2333.22.62998.

Du finn meir stoff om selskapet på

www.olavslettoselskapet.no



ÅRSMELDING 2008 (for tidsrommet 12/6-2007 – 14/6-2008)

Styret i Olav Sletto-selskapet har dette året vore samansett slik: Styreleiar Arne Skogheim, nestleiar Turid Birgit Lien, styremedlemer Kåre Olav Solhjell, Kaare Wensaas og Per Lilleslett. Varamedlemer Evalill Sletto, Eli Sælid og Maria Søndrål Wick.

Rekneskapen har som tidlegare år vore ført av Ola Ruud. Revisorar Osvald Medhus og Jan Robert Wick. Valnemnd har vore Knut Medhus (leiar) og Knut Øyvind Skaro.

Laget har pr. 1/5-2008 87 betalande medlemer og 1 æresmedlem (Jul Haganæs). 15 medlemer har ikkje betalt medlemspengane pr. 1/5. Medlemstalet skulle såleis helst vore 103.

Det er halde to styremøter i selskapet omfram årsmøtet. På årsmøtet 2007 presenterte Olav Randen forlaget BOKSMIA for medlemmene.

Av aktivitetane dette året kan nemnast:

- Arbeidet med katalogisering av Sletto-materialet i Hol bygdearkiv held fram under leiing av Kåre Olav Solhjell.
- Selskapet har teke mot bokgåve frå Ulvik folkebibliotek, 15 Sletto-bøker som vart lagt ut for sal blant medlemmene. Bøkene vart alle selde i løpet av få dagar.
- Vi har hatt godt samarbeid med Alf Larsens litterære stiftelse og har utveksla arkivmateriale om brevvekslinga mellom Alf Larsen og Olav Sletto.
- Olav Sletto-selskapet vart presentert i medlemsbladet til Venelaget Olav H. Hauge. Venelaget vil ta på seg å arrangera litteraturseminar for i Ulvik i 2008.
- Styret vil i samarbeid med biblioteka i Valdres skipa til ein Sletto-kveld med presentasjon av lydboka når denne er ferdig til utgjeving. Biblioteka i Hallingdal skal få same utfordring.
- Selskapet har teke mot tilsagn om kr.15000,- i prosjektilskot til utgjeving av lydboka PER SJØL. Radio Hallingdal har stilt lydmaterialiet til gratis rådvelde, Olav Randen har laga omslaget og Hallingdal Lydverkstad v/ Tor Magne Hallibakken er i gang med redigering og produksjon. Målet var å få ferdig lydboka til årsmøtet, men i skrivande stund er det enno uklart om dette er mogeleg.

Hol sparebank har også i år gjeve økonomisk støtte til selskapet, denne gongen med kr.3500 pluss kostnaden med årsmøteannonsen.

Coop Vestviken har annonsert i årsheftet 2008. Heftet vart denne gongen på 56 sider og inneheld artiklar om Alf Larsen (av Ragnar Ytrehus), om Olav H. Hauge og Sletto (av Per Lilleslett), om brevvekslinga mellom Larsen og Sletto (av Arne Skogheim) forutan ein del arkivmateriale frå Olav Sletto sin 65-årsdag i 1951.

Hol, den 12.mai/14.juni 2008.

Arne Skogheim Turid Birgit Lien Kåre Olav Solhjell Kaare Wensaas Per Lilleslett

Dette årsheftet er gjeve ut med støtte frå



og



**NYNORSK
ANTIKVARIAT**
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS
Hulgata 11
4900 Tvedestrand
Telefon 37 16 66 66
E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

**Antikvariatsbokhandlar
Arne-Ivar Kjerland**
E-post: Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no
Mobil: 928 29 098